

**Plan for forvaltningsrevisjon**

***STRANDA KOMMUNE***

Oktober 2012

# Plan forvaltningsrevisjon Stranda kommune

---

## INNHALD

1.	Innleiing.....	4
1.1	Bakgrunn.....	4
1.2	Lovheimel .....	4
1.3	«Risiko- og vesentlighetsvurderinger» .....	4
2.	Overordna analyse Stranda kommune .....	6
2.1	Innleiing .....	6
2.2	Om Stranda kommune .....	7
2.3	Kommunale føretak .....	8
2.3.1	Stranda Hamnevesen KF .....	8
2.3.2	Strandafjellet KF.....	8
3.	Tenesteområde.....	9
3.1.1	Innleiing.....	9
3.1.2	Kommuneleiing, stab og interne tenester .....	10
3.1.3	Skular og barnehagar .....	14
3.1.4	Pleie og omsorg .....	16
3.1.5	Helse- og sosiale tenester .....	17
3.1.6	Kultur.....	18
3.1.7	Teknisk og bygg/anlegg.....	19
4.	Prioritering av forvaltningsrevisjons-prosjekt i perioden 2012-2016.....	21
5.	Vidare oppfølging.....	22
5.1	Handsaming .....	22
5.2	Oppfølging i etterkant .....	22
5.3	Rullering/oppdateringa av planen .....	22
5.4	Plan for selskapskontroll.....	22
6.	VEDLEGG .....	23

# 1. INNLEIING

## 1.1 Bakgrunn

Etter *Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar* skal kontrollutvalet minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Det er eit krav at planen skal vedtakast av kommunestyret sjølv, men kommunestyret kan delegera til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.<sup>1</sup> Kommunestyret kan og pålegge kontrollutvalet å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt utanom prioriteringane i planen.

Ved utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon skal det ligge føre ei overordna analyse av kommunen sin verksemd basert på «risiko- og vesentlighetsvurderinger».

Den planen kommunestyret no vedtek vil gjelde for inneverande kommunestyreperiode fram til ny plan ligg føre, seinast 31.12.2016.

## 1.2 Lovheimel

Gjennomføring av forvaltningsrevisjon er ei lovpålagt oppgåve for kommunen. Forvaltningsrevisjon er heimla både i KommuneLOVA, Forskrift om kontrollutval og Forskrift om revisjon.

Kontrollutvalet skal etter kommuneLOVA § 77 nr. 4 sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon. I dette ligg at kontrollutvalet har ei «bestillar-rolle» i samband med forvaltningsrevisjon. Forskrift om kontrollutval §§ 9-12 gir nærare reglar om gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Her blir m.a. krav om at det skal utarbeidast Plan for forvaltningsrevisjon for kvar kommunestyreperiode slått fast. I tillegg er temaet nemnt i Forskrift om revisjon, der det m.a. og er ein definisjon av kva ein forvaltningsrevisjon er og skal innehalde.<sup>2</sup>

## 1.3 «Risiko- og vesentlighetsvurderinger»

Bakgrunnen for forskrifta sitt krav om at planen skal byggje på ein overordna analyse ut frå «risiko- og vesentlighetsvurderinger», er å gi informasjon om eventuelle områder der det er avdekket risiko for vesentlege avvik i høve til dei vedtak, føresetnader og mål som er sett for kommunen. Målsettingar og risikovurderingar heng difor nøye saman. Risikovurderinga vil bestå i å identifisere relevante truslar i forhold til å oppnå målsettingane til kommunen. Risiko betyr altså at det ligg føre ein mulighet for at målsettingar ikkje vert oppfylt. Det skal og takast omsyn til kommunen sin eigen internkontroll, som skal avdekke og motverke risiko.

Risiko kan skuldast både interne og eksterne forhold. Eksempel på eksterne forhold kan vere lovgjeving, endring i kommunens økonomi etc. Interne faktorar kan vere

---

<sup>1</sup> Kontrollutvalet handlar på vegne av kommunestyret, og er berre underlagt dette. Dette skuldast at kontrollutvalet sitt tilsynsansvar omfattar alle kommunale utval unntatt kommunestyret. Det er difor berre kommunestyret som kan fatte vedtak som er bindande for kontrollutvalet.

<sup>2</sup> Sjå eige vedlegg 1 med utdrag av lovtekster

samanbrot i IT-system, endringar i leiinga som påverkar måten enkelte kontrollrutinar blir utført på, rekrutteringsproblem, omorganiseringar etc.

Kontrollutvalet gjer si prioritering av aktuelle prosjekt ut frå ei samla «risiko- og vesentlighetsvurdering» sett opp mot overordna analyse, og legg innstilling fram for kommunestyret.

## 2. OVERORDNA ANALYSE STRANDA KOMMUNE

### 2.1 Innleiing

Siktemålet med overordna analyse er å få fram relevant informasjon om kommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike sektorar og einingar. Ut frå dette er målet at ein skal kunne prioritere dei beste og mest aktuelle prosjekta.

Målsettinga med overordna analyse er å avdekke avvik eller svakheiter i forvaltninga sett i høve til lover, forskrifter og kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Eit viktig element i analysen er å avdekke stader det kan være risiko for vesentlege avvik i høve til dei vedtak, føresetnader og mål som er sett for verksemda, også når det gjeld produktivitet og økonomi. Analysen skal identifisere hendingar som kan vere ein trussel for at kommunen sine mål, ved å avdekke kor det er mest sannsynleg at det kan oppstå avvik, og kor konsekvensane er størst dersom avvik skjer.

Viktige dokument for arbeid med overordna analyse som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon er:

- Økonomiplan
- Kommuneplan
- KOSTRA
- Reglement
- Årsmelding

Vi har og valt å gjennomføre ei spørjeundersøking blant ordførar, formannskap, gruppeleiarar i kommunestyret, kontrollutval og administrativ leiing<sup>3</sup>.

I tillegg vil den kunnskap kontrollutval, sekretariat og revisor har, alltid vere eit viktig supplement i analysearbeidet.

Eksempel på risiko kan vere:

- Risiko for at kvaliteten på ei teneste ikkje er god nok
- Risiko for at kommunen ikkje tilfredstillar lovpålagde krav
- Risiko for at ressursane ikkje vert godt utnytta
- Risiko for at kommunen ikkje oppfyller mål fastsett av kommunestyret
- Risiko for at økonomistyringa ikkje er god nok

Ved vurdering av kva som er vesentleg kan det vere nyttig å ta i bruk ulike perspektiv:

- Brukarperspektiv
- Politisk perspektiv
- Samfunnsperspektiv
- Økonomisk perspektiv
- Medarbeidarane sitt perspektiv
- Omdømeoperspektiv

---

<sup>3</sup> Sjå vedlagte spørjeskjema (vedlegg 2)

## 2.2 Om Stranda kommune

Det er vanleg å ta utgangspunkt i dei overordna målsettingane for kommunane som går fram av kommuneplanen for den einskilde kommune. Men for Stranda kommune er det slik at det ikkje er vedteken ny samfunnsdel av kommuneplanen, og der er difor ikkje overordna målsettingar å ta utgangspunkt i.

Det neste vil då vere å sjå på økonomiplan/budsjett. Her er det slik at budsjettet for 2012 er underkjent av fylkesmannen. Ein gjennomgang av økonomiplanen viser at det etter vårt syn manglar målsettingar for kommunen også på dette nivået.

Stranda kommune er ein kommune med høg aktivitet, og eit næringsliv som ser ut til å fungere godt med høg sysselsetting.

Kommunen gjennomfører og har dei siste åra gjennomført store investeringar. Døme på dette er Stranda sentrum, Stranda ungdomsskule, kunstgrasanlegg, skianlegg strandafjellet, kaianlegg, vatn og avløp med vidare. Netto lånegjeld for kommunen var 769,7 mill. kroner ved utgangen av 2011. Det kan nemnast at ved utgangen av 2007 var lånegjelda 323,7 mill. kroner.

Innbyggjartalet i kommunen svingar frå år til år. Pr. 01.01.2012 var det 4.601 innbyggjarar i kommunen, og pr. 01.01.2005 var folketalet 4.605. I mellomtida har det altså vore både reduksjon og vekst i talet.

KOSTRA-tall syner at netto lånegjeld pr. innbyggjar var kr 167.258 i Stranda pr. 31.12.11, medan den var kr 52.545 i samanliknbare kommunar (KOSTRA-gruppe 2). Tilsvarende tal pr. 31.12.08 var kr 79.183 for Stranda kommune og kr 38.608 for samanliknbare kommunar. Det har mao vore ein mykje høgare vekst i gjeld pr. innbyggjar i Stranda kommune enn i samanliknbare kommunar. Samstundes er det verdt å merke seg at brutto driftsinntekter pr. innbyggjar i Stranda kommune er kr 74.508, medan samanliknbare kommunar har brutto driftsinntekter på kr 75.159 pr. innbyggjar. Dette er konserntall<sup>4</sup>, og seier at Stranda kommune samla har mindre inntekter pr. innbyggjar enn samanliknbare kommunar, og desse inntektene skal finansiere ei gjeld som er over tre gonger så høg pr. innbyggjar i Stranda kommune enn i samanliknbare kommunar. Dette går også fram av at Netto finansutgifter og avdrag i prosent av brutto driftstugifter var 13,8% i Stranda kommune i 2011, medan det i samanliknbare kommunar var 3,8%. Stranda kommune brukte med andre ord over 3 gonger så høg del av driftsbudsjettet til dekning av finansutgifter enn samanliknbare kommuner.

Det er og slik at gjennomsnittleg netto driftsresultat dei siste 5 åra har vore – (minus) 1,7 %. Dette er mykje svakare enn det tilrådde måltalet på 3 % over tid, og i dei to siste åra har netto driftsresultat vore dårlegare enn – (minus) 3% av brutto inntekter.

I det følgjande vil det bli diskutert nokre tema kommunerevisjonen meiner er relevante for gjennomgang ut frå risiko og kor vesentlege dei er. Det er likevel ut frå tala i innleiinga allereie klart at hovudproblemet i Stranda kommune er den økonomiske situasjonen. Vi viser og her til revisjonsrapport frå desember 2010 om lånegjeld og økonomisk bereevne, noko vi skal komme attende til seinare i dette dokumentet.

---

<sup>4</sup> Inkl. kommunale føretak

## 2.3 Kommunale føretak

Stranda Hamnevesen KF og Strandafjellet KF er tunge økonomiske aktører i Stranda kommune, og det er som nemnt i førre avsnitt gjennomført store investeringar innanfor desse områda.

### 2.3.1 Stranda Hamnevesen KF

Stranda Hamnevesen KF hadde driftsinntekter på 8,2 mill. kroner i 2011. Rekneskapet er gjort opp i balanse med bruk av fondsmidlar på 0,7 mill. kroner. Pr. 31.12.2011 utgjorde langsiktige lån i Stranda Hamnevesen KF 102,9 mill. kroner.

Kaiutbygginga på Hellesylt er ferdigstilt, men det er så vidt vi kjenner til ikkje lagt fram prosjektrekneskap der totalkostnad fremgår. Kaiutbygginga på Stranda har blitt stansa. Følgjande vart vedteke i kommunestyresak 070/12:

- 1. Det er pr. i dag ikkje tilfredsstillande økonomi i Stranda Hamnevesen KF, ei heller markedsgrunnlag, til å auke låneramma i foretaket med alternativ 42 mill eller kr 62 mill.*
- 2. Sak ang. fyllingsfront med eller utan ei framtidig utbygging, vert på eit seinare tidspunkt lagt fram med anbefalingar, basert på kost/ nytte og mulig framtidig samfunnseffekt.*
- 3. Stranda Kommune opphevar tidligare vedtak/ bestilling på bygging av kai på Stranda.*

Tal frå rekneskapssystemet viser at det i perioden 2005-2012 hittil skal vere brukt 16 mill. kroner på dette prosjektet. Men det kan og sjå ut til at faktura på 5,3 mill. kroner skulle vore ført på Hellesylt-prosjektet, og dermed at det er brukt 10,7 mill. kroner på prosjektet i Stranda. Sluttrekneskap er slik vi forstår det ikkje avklart.

### 2.3.2 Strandafjellet KF

Strandafjellet KF hadde i 2011 driftsinntekter på 7,5 mill. kroner, og meirforbruk/underskot var 7,2 mill. kroner. Einaste kunden til KF-et var Stranda Skisenter as. Ved inngangen til oktober 2012 har ikkje KF-et mottatt leigeinntekter for inneverande år. I rekneskapsrapport frå rådmannen er det skissert at dette kan resultere i eit mogleg meirforbruk på om lag 15 mill. kroner i inneverande år.

Stranda kommunestyret vedtok i juni mellombels justert budsjett for Strandafjellet KF med leigeinntekter på 7,2 mill. kroner og tilskot frå kommunen på 7,6 mill. kroner. Det vart ikkje funne dekning for desse 7,6 mill. kronene, og vedtaket er difor ikkje i tråd med budsjettforskrifta og balansekrav i kommunelova.

Pr. 31.12.2011 var langsiktige lån og likviditetslån i Strandafjellet KF 142,3 mill. kroner.

Det er i skrivande stund ein prosess med sal av anleggsmidla til Strandafjellet KF, og dette skal opp til politisk handsaming i løpet av kort tid. Det kan sjå ut til at anlegget kan bli selt til ein pris som er lågare enn investeringane for kommunen. Dette kan gje store økonomiske konsekvensar for kommunen.



### 3. TENESTEOMRÅDE

#### 3.1.1 Innleiing


I undersøkinga som er gjennomført vart det stilt følgjande spørsmål: *Kor viktig meiner du det vil vere at det blir sett i gang forvaltningsrevisjon innan følgjande område?*

Respondentane vart bedne om å rangere kvart område mellom

- 1 Svært lite viktig
- 2 Lite viktig
- 3 Viktig
- 4 Ganske viktig
- 5 Svært viktig

I figuren under går gjennomsnittet for dei einssilde områda fram:


Figur 1 Rangering av område i høve til vurdering av behov for forvaltningsrevisjon



Dei to områda som fekk høgast gjennomsnitt (viktigast med forvaltningsrevisjon) var Selskapskontroll med 4,58 og Pleie- og omsorgstenesta med 4.

### 3.1.2 Kommuneleing, stab og interne tenester

Figur 2 Rangering i høve til vurdering av behov for forvaltningsrevisjon innan leing, interne tenester og sektorovergripande områder m.v.?



Vurdering av Lånegjeld/økonomisk bereevne og Økonomistyring/prosjektstyring har fått høgast gjennomsnitt. Under vil nokre av områda bli drøfta nærare.

#### SAKSUTGREIINGAR/OPPFØLGING AV VEDTAK

Dersom politiske vedtak ikkje blir følgt opp/sett til sides og/eller saker til politisk handsaming ikkje er tilstrekkeleg greidd ut, er dette eit demokratisk problem. Undersøkinga viser at det blir vurdert å vere relativt viktig med forvaltningsrevisjon på dette området (rangert som nr. 5 internt).

I vår rapport 08/10 peika vi mellom anna på manglande risikovurderingar ifm utbygginga i regi av Strandafjellet KF og Stranda hamnevesen KF. Slik vi vurderte det var utgreiinga spesielt ifm utbygginga på Strandafjellet utilstrekkeleg. Erfaringar hittil har etter vår vurdering vist at dette ser ut til å ha vore ein korrekt konklusjon.

Vidare er det slik at Fylkesmannen no etter mindretalsanke har underkjent budsjettvedtaket for 2012. Vi har tidlegare peika på at dette sannsynlegvis burde ha vore gjort i tidlegare år ut frå at det m.a. har vore ubalanse i økonomiplanane i Stranda kommune.

#### SJUKELØNSREFUSJON

Kommunerevisjonane i fylket har samarbeidd om å lage ein mal for revisjon av

sjukelønsrefusjon. Kommunerevisjonen i Romsdal har allereie gjennomført slike prosjekt, og dette har vist seg å vere nyttig.

Erfaringar i andre kommunar viser at dette er eit område der svikt kan gi store økonomiske konsekvensar. Sentrale spørsmål i eit slikt prosjekt kan vere:

- Blir sjukepengar i arbeidsgjevarperioden betalt ut i tråd med regelverket?
- Blir det kravd refusjon for sjukepengar i trygdeperioden i tråd med regelverket?
- Krev kommunen tilbakebetalt feil utbetalte sjukepengar?
- Blir opplysningar knytt til sjukemelding dokumentert og oppbevart i tråd med regelverket?

Etter vår vurdering er det difor grunn til å vurdere å gjennomføre eit prosjekt med gjennomgang av rutinar og regler for refusjon av sjukepengar frå NAV. For kommunerevisjonen vil det vere naturleg å gjennomføre prosjektet i alle kommunane, og på den måten oppnå «stordriftsfordelar» ved å dra nytte av arbeidet i fleire kommunar.

## INNKJØP

Regelverket om offentlige innkjøp skal sikre at offentlige midlar blir utnytta best mogleg gjennom kostnadseffektive innkjøp, samtidig som offentlig sektor gjennom sine innkjøp bidrar til utvikling av et konkurransedyktig norsk næringsliv. Offentlege innkjøp må skje på ein måte som vekker tillit i omverda. Det er då viktig å følgje prinsippa om likebehandling, føreseielegheit, transparens og konkurranse.

Det å sjå nærare på innkjøp er etter vår vurdering godt eigna for forvaltningsrevisjon. I Stranda kommune har det dei siste åra vore store investeringar. Det kan vere grunn til å sjå nærare på når, av kven og på kva måte desse prosjekta er sett i bestilling. Dette kan vere interessante problemstillingar både i kommunen, Strandafjellet KF og Stranda hamnevesen KF.

## INTERN STYRING OG KONTROLL

God styring og godt leiarskap er naudsynt for kommunen sin tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltning. Ein føresetnad for god styring er at det er etablert gode rutinar og kontrollaktivitetar på alle nivå. Intern kontroll er eit leiaransvar som er viktig i denne samanheng.

Det har i fleire år vore einingar i Stranda kommune som har hatt meirforbruk.

Økonomistyring/prosjektstyring kom relativt høgt ut på undersøkinga. Det kan difor vere aktuelt å prioritere forvaltningsrevisjon av styringssystem der ein m.a. ser nærare på intern kontroll og/eller økonomistyring/prosjektstyring.

## IKT

Kommunane er i dag heilt avhengige av omfattande IKT-system. Dette medfører risiko av fleire slag. Mellom anna kan det vere risiko for sårbarheit, men det kan og vere risiko for at sikring av sensitive opplysningar ikkje er god nok.

Det har vore eksempel på saker i media for andre kommunar der sensitive opplysningar var tilgjengelege for personar som ikkje skulle ha tilgang. Eit mogleg forslag til

forvaltningsrevisjon kan vere å sjå nærare spesielt på internkontrollen knytt til IKT.


## BRUKARBETALING

Det er ei rekkje tenester kommunen leverer, der brukarbetaling skal vere lik eller ikkje overstige sjølvkost. Mellom anna gjeld dette renovasjonstenester, vatn og avløp, feiing, plan- og byggeskakshandsaming og skulefritidsordning.

Vatn, avløp og renovasjon er noko alle husstandar og bedrifter i kommunen betaler avgift for å kunne nytte. Dette er med andre ord ein omfattande sektor, med både høge inntekter og store utgifter. Det faktum at sektoren er sjølvfinansierande kan medføre at det ikkje blir sett nok fokus på den ved m.a. budsjettprosess og budsjetthandsaming.


Det har dei siste åra vore ein høg vekst i gebyr på dette området i Stranda kommune. Figuren under viser utviklinga i gebyr på vatn for Stranda kommune og samanliknbare kommunar:

Figur 3 *Utvikling gebyr vatn*




Tilsvarende ser ein for avløp:

Figur 4 *Utvikling gebyr avløp*



Og for renovasjon:

Figur 5 Utvikling gebyr renovasjon:



Eit mål for ein forvaltningsrevisjon kunne difor vere å gjennomføre meir omfattande vurderingar av sjølvkostberekningane for vatn, avløp og renovasjon, enn dei kontrollane som blir gjennomført gjennom rekneskapsrevisjonen. Revisjonen utarbeidde sist ein rapport om dette temaet i februar 2008.

#### LÅNEGJELD/ØKONOMISK BEREEVNE

Kommunerevisjonen har tidlegare utarbeidd ein omfattande rapport (08/2010) om lånegjeld og økonomisk bereevne for Stranda kommune der det m.a. vart gjennomført stresstestar av gjeld mtp. renteutvikling. Stranda kommunestyret vedtok einstemming tilrådingane i rapporten.

Konklusjon i rapporten var at Stranda kommune var i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Det vart og lagt inn prognose på ei fortsatt utvikling i negativ retning. Til trass for denne rapporten fortsatte kommunen i 2011 med høge låneopptak, og lånegjelda auka meir enn prognosa i rapporten (prognosa var basert på vedteken økonomiplan).

I tillegg til dette har lånegjelda auka relativt mykje i løpet av 2012. Det skuldast mellom anna store likviditetslån til Strandafjellet KF, investeringsprosjekt ved Stranda ungdomsskule og investeringar i VAR-sektoren. Slik vi forstår det har gjelda pr. 20.09.2012 auka til 890 mill. kroner. Som vist i revisjonsrapporten er det og slik at det kan vere grunnar til også å ta med gjelda til Stranda eigeidomselskap as når ein vurderer gjelda til kommunen. Det vil i så fall kome i tillegg.

Den økonomiske situasjonen i Stranda kommune er så alvorleg at vi ut frå «risiko og vesentlighetsvurdering» finn det naudsynt å peike på at dersom det er manglande evne og vilje til å gjere naudsynte økonomiske grep er dette ein stor risiko for Stranda kommune slik økonomien i kommunen har utvikla seg. Jo lenger ein ventar med tiltak for å rydde opp i det økonomiske uføret kommunen har kome i, desto meir dramatiske blir dei tiltaka ein må setje i verk.

### 3.1.3 Skular og barnehagar

Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

Figur 6 Prioritering moglege revisjonsområde innan Skular og barnehagar



Alternativ	Prosent
1 Kostnadsdekning SFO	0,0 %
2 Kvalitet undervisning	54,5 %
3 Tilpassa opplæring/Spesialundervisning	45,5 %
4 Skulebygg	45,5 %
5 Skulemiljø	9,1 %
6 Finansiering og oppfølging barnehagar	45,5 %
7 Barnehagedekning	0,0 %
8 Tildeling av barnehageplassar	0,0 %
9 Vaksenopplæringa	0,0 %
10 Anna	0,0 %

Fylkesmannen har hatt 3 tilsyn med skule- og barnehagesektoren dei siste åra. I mars 2009 avdekkta Fylkesmannen eit avvik i tilsyn om Opplæringslova med forskrift:

*Stranda kommune har ikkje eit forsvarleg system for å avdekke, vurdere og følgje opp om krava i opplæringslova og forskriftene knytt til tilpassa opplæring, her under spesialundervisning, blir oppfylt. I dette ligg også at kommunen ikkje har den nødvendige avklaringa av roller og ansvar i kommuneadministrasjonen.*

I mars 2012 var det tilsyn knytt til Ringstad skule sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø. Konklusjonane var:

*Stranda kommune ved Ringstad skule oppfyller delar av internkontrollkravet etter oppl. § 9a-4, jamfør § 9a-3 første ledd. Dette gjeld kravet om å ha planar med målsetjingar for området, og også ei skriftleggjing av kva som er å rekne for krenkjande åtferd. Prosessar som er eigna til å skape felles forståing for kva som er å rekne som krenkjande, og dokumenterte prosessar for å sørgje for ei mest mogleg lik etterleving av planar og rutinar og evaluering av desse, er for*

*mangelfullt tatt i vare.*

*Stranda kommune ved Ringstad skule oppfyller etter fylkesmannen sin vurdering handlingsplikta etter § 9a-3 andre ledd om å undersøke, varsle og gripe inn ved mistanke om krenkjande åtferd av ein eller fleire elevar.*

*Stranda kommune ved Ringstad skule oppfyller ikkje vedtaksplikta etter opplæringslova § 9a-3 tredje ledd.*

*Skulen sørgjer for at elevane blir engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet, både i planlegginga og i gjennomføringa, jamfør opplæringslova § 9a-5.*

*Stranda kommune ved Ringstad skule har ikkje ein praksis som fullt ut tilfredsstillar lovkrava om brukarmedverknad slik dei kjem fram av opplæringslova § 9a-6 og kapittel 11.*

I samband med tilsynet vart det gitt nokre pålegg.

I mars 2012 var det også tilsvarende tilsyn ved Stranda ungdomsskule. Konklusjonane var:

*Vi finn det godt gjort at det førebyggjande arbeidet ved Stranda ungdomsskule oppfyller krava i opplæringslova. Internkontrollkravet i oppl. § 9a-4 ser vi som oppfylt.*

*Stranda kommune ved Stranda ungdomsskule oppfyller handlingsplikta etter oppl. § 9a-3 andre ledd.*

*Stranda kommune ved Stranda ungdomsskule oppfyller kravet til å fatte enkeltvedtak i saker knytt til elevane sitt psykososiale miljø. Ein har no malar som legg til rette for at slike vedtak i tida som kjem vil oppfylle lovkrava knytt til utforming og innhald. Sjå likevel merknaden over, om grunngjeving av ev. klage. Fylkesmannen viser til at skulen må sørgje for at alle som kjem med oppmodingar om tiltak, får konkret informasjon om retten til å få enkeltvedtak.*

*Skulen sørgjer for at elevane blir engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet, både i planlegginga og i gjennomføringa, jamfør opplæringslova § 9a-5.*

*Stranda kommune ved Ringstad skule har ikkje ein praksis som fullt ut tilfredsstillar lovkrava om brukarmedverknad slik dei kjem fram av opplæringslova § 9a-6 og kapittel 11.*

I vår spørjeundersøking vart Kvalitet undervisning høgast prioritert som mogleg tema for forvaltningsrevisjon innanfor skule/barnehage. Men også Tilpassa opplæring/-spesialundervisning, Skulebygg og Finansiering barnehagar vart vurderte til å vere viktige.

Tilpassa opplæring/spesialundervisning er etter vår vurdering eit område der det kan vere høg risiko og høg konsekvens dersom tenesta ikkje fungerer i tråd med retningslinjene. Dette er tilbod til ei svak gruppe der det kan gje store konsekvensar om ikkje hjelp blir sett inn til rett tid.

Formålet med eit slikt prosjekt vil vere å kartleggje kommunen sin bruk av midlar til

spesialundervisning, og vurdere om kommunen etterlever sentrale deler av regelverket på dette område.

Det å sjå på kvalitet undervisning kan vere ein gjennomgang av resultat nasjonale prøver, og eksamensresultat. I tillegg til faglege resultat kan ein sjå på elevane si åtfærd, korleis lærarane planlegg og underviser, arbeidsmiljø, korleis lærarane samarbeider og kva kompetanse dei har, samt leiing og kvalitetssikring.


Kommunane fekk frå 2011 ansvaret for å finansiere barnehagane. Omlegginga av finansieringsordninga er krevjande, og det er omfattande beløp det er tale om. Aktuelle spørsmål kan vere om det er kontroll med aktivitet og om utbetalingane er i tråd med regelverk og føresetnader.

Finansiering barnehagar er eit område kommunerevisjonen (som sjukelønnsrefusjon) vil rå til blir vurdert for revisjon i fleire kommunar i revisjonsdistriktet, noko som sannsynlegvis og gir «stordriftsfordelar».

### 3.1.4 Pleie og omsorg

Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

Figur 7 Prioritering moglege revisjonsområde innan Pleie og omsorg



Alternativ	Prosent
1 Heimetenester/omsorgsbustadar	18,2 %
2 Sjukeheimar	63,6 %
3 Handtering vederlag/eigenbetaling	9,1 %
4 Mattilbod/kjøkken	0,0 %
5 Rehabilitering	9,1 %
6 Medisinhandtering	0,0 %
7 Utskrivingsklare pasientar	9,1 %
8 Samhandlingsreforma	81,8 %
9 Anna	0,0 %

Ved statleg tilsyn er det utarbeidd tilsynsrapport 26.04.2012 om korleis kommunen tek hand om ulike krav i lovgivinga som gjeld tenester til eldre som bur heime, under dette



også omsorgsbustad. Tema for revisjonen omfatta kommunen si evne til å identifisere, behandle og følgje opp demenssjukdom og ernæringsmessig risiko hos heimebuande eldre. Det vart avdekka følgjande avvik:

*Stranda kommune har ikkje system som sikrar forsvarlege helse- og omsorgstenester til alle eldre heimebuande.*

Avviket vart nærare grunngjeve i fleire punkt.

I undersøkinga vår vart Samhandlingsreforma prioritert høgast, medan Sjukeheimar var prioritert som nr. 2.

Samhandlingsreforma har store konsekvensar nesten uansett kva perspektiv (brukarperspektiv, økonomisk perspektiv, samfunnsperspektiv, medarbeidarperspektiv) ein nyttar. Målet med reforma er å møte tre hovud-utfordringar:

- Demografisk utvikling og endring i sjukdomsbiletet
- Samhandlinga mellom ulike helsetenestnivå
- Behov for førebygging av sjukdom

Ei rekkje tema vil kunne vere aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Kommunal medfinansiering
- Kommunane sitt finansieringsansvar for utskrivingsklare pasientar
- Etablering av lokale tenester, inkludert akutt hjelp
- Samarbeid mellom kommunar og helseføretak
- Samarbeid med fastlegane
- Større ansvar for førebyggjande helsetenester
- Bruk av IKT

Noko av dette vil først vere aktuelt etter ei viss tid, men mykje er aktuelt allereie. Ut frå omfanget av denne reforma vil det kunne vere aktuelt at samhandlingsreforma blir tema for forvaltningsrevisjon. Dette kan også vere aktuelt å gjennomføre i fleire kommunar i revisjonsdistriktet.


Når det gjeld sjukeheimar kan nokre aktuelle tema for forvaltningsrevisjon vere kvalitet i sjukeheim og/eller tildeling av plasser i sjukeheim.

I tertialrapport pr. 31.08.2012 går det fram sjukeheimen i Stranda er dimensjonert til 37 plassar, men at ein i 2012 har hatt 50-52 pasientar. I rapporten går det fram at personalressursen har nått eit kritisk nivå, og at auke i grunnbemanninga er heilt naudsynt. Det kan ut frå dette kunne vere ein risiko for at tenestemottakarane ikkje får gode nok tenester.

### **3.1.5 Helse- og sosiale tenester**

Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

Figur 8 Prioritering moglege revisjonsområde innan Helse- og sosiale tenester



Alternativ	Prosent
1 Barneverntenesta	27,3 %
2 Helse- og miljøtenester (primærlegetenesta, helsestasjoner, etc.)	18,2 %
3 PPT (Pedagogisk psykologisk teneste)	0,0 %
4 NAV/Sosialtenesta	54,5 %
5 Tilpassa arbeid/sysselsetting	0,0 %
6 Psykisk helsearbeid	27,3 %
7 Flytningetenesta	0,0 %
8 Samhandlingsreforma	63,6 %
9 Anna	0,0 %

Også her vart Samhandlingsreforma prioritert høgt. Prioritert som nr. 2 er NAV/Sosialtenesta.


Når det gjeld barnevern er det slik at svikt i barnevernstenesta vil kunne ha sær negative konsekvensar for ei svak gruppe. KOSTRA viser at i Stranda kommune er det ein god del lågare del av barna som har tiltak innan barnevernet enn i samanliknbare kommunar. Men det viser og at ein i Stranda kommune hadde ei handsamingstid på over 3 månader for 45,5% av undersøkingane innan barnevern i 2011<sup>5</sup>. For samanliknbare kommunar var dette talet 33%.

### 3.1.6 Kultur

Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

<sup>5</sup> Iflg. Lov om barneverntenester § 6-9 skal ei undersøking etter § 4-3 bli gjennomført snarast og seinast innan tre månader. I særlege tilfelle kan fristen vere seks månader

Figur 9 Prioritering moglege revisjonsområde innan Kultur



Alternativ	Prosent
1 Idrett/idrettsanlegg	60,0 %
2 Bibliotek	0,0 %
3 Kulturminne/kulturvern	10,0 %
4 Ungdomssatsing	40,0 %
5 Førebyggjande folkehelsearbeid	30,0 %
6 Kulturskulen	40,0 %
7 Anna	10,0 %


Innan kultur viser undersøkinga at idrett/idrettsanlegg vart høgt prioritert. I utgangspunktet var det likevel ikkje veldig høg «score» på dette ved prioritering mellom overordna tema for forvaltningsrevisjon.

Det skal her leggjast til at under «Anna» har ein av respondentane nemnt Kulturhuset som eit mogleg område for forvaltningsrevisjon.

### 3.1.7 Teknisk og bygg/anlegg

Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

Figur 10 Prioritering moglege revisjonsområde innan Teknisk og bygg/anlegg



Alternativ	Prosent
1 Arealplanlegging	8,3 %
2 Handsaming byggjesaker	16,7 %
3 Kart og oppmåling	0,0 %
4 Vedlikehald/opparbeiding veinett	16,7 %
5 Handsaming vatn	41,7 %
6 Handsaming avløp	16,7 %
7 Renovasjon	0,0 %
8 Drift av eigedomar	0,0 %
9 Reinhald	0,0 %
10 Vaktmeistertenesta	25,0 %
11 Landbruk	8,3 %
12 Utgiftsdekning sjølvkost	25,0 %
13 Prosjektstyring byggjeprojekt	33,3 %
14 Anna	0,0 %

Handsaming vatn vart høgast prioritert innanfor dette området. Prosjektstyring byggjeprojekt vart prioritert som nr. 2. Det var likevel ikkje noko område som peika seg mykje ut.

Vi viser elles til diskusjon over om sjølvkost-tenester.

## **4. PRIORITERING AV FORVALTNINGSREVISJONS- PROSJEKT I PERIODEN 2012-2016**

Stranda kommune kan i utgangspunktet pårekne 2 forvaltningsrevisjonsprosjekt i perioden litt avhengig av omfang i det enkelte prosjekt.

Gjennomgangen over viser at det kan vere ei rekkje aktuelle tema. Det er likevel slik at Stranda kommune etter vår vurdering er i ein særleg vanskeleg økonomisk situasjon. Det kan difor denne gongen vere nødvendig å prioritere oppfølging av den økonomiske omstillinga kommunen må gjennom.

Det kan og etter vår vurdering vere grunn til å vurdere å sjå nærare på dei kommunale føretaka. Her er det ein pågåande salsprosess i det eine føretaket, og det har vore store utbyggingar av kaier i det andre der endeleg sluttregneskap ikkje er lagt fram enno. Vi rår difor til at punkt 2 i planen blir ståande open, og at kontrollutval/kommunestyre kjem attende til prosjekt 2 seinare.

Det inneberer at følgjande prosjekt etter vår vurdering bør prioriterast:

1. Skjerming av lovpålagde oppgåver i ein situasjon med budsjettkutt.
2. Eventuelt prosjekt knytt til dei kommunale føretaka.
3. Sjukelønnsrefusjon – NAV.

Det er naturleg at kontrollutvalet nærare fastset konkret innhald og detaljar i dei einskilde prosjekta.

## **5. VIDARE OPPFØLGING**

### **5.1 Handsaming**

I tråd med forskrift om revisjon § 8 skal revisor rapportere fortløpande til kontrollutvalet om resultat av gjennomført forvaltningsrevisjon. Vidare er kontrollutvalet pålagt ansvar for å rapportere til kommunestyret. Med mindre kommunestyret gjer egne vedtak om når og korleis denne rapporteringa skal skje er det jf. forskrifta opp til kontrollutvalet å finne hensiktsmessig form og frekvens på dette.

Forvaltningsrevisjonsrapportar i Stranda kommune blir lagt fram for kontrollutvalet først, og deretter til kommunestyret med innstilling frå kontrollutvalet.

### **5.2 Oppfølging i etterkant**

Forskrift om kontrollutval § 12 slår fast at kontrollutvalet og har ansvar for å sjå til at kommunestyret sine vedtak i tilknytning til handsaming av rapporter om forvaltningsrevisjon blir følgt opp, og at dette blir rapportert til kommunestyret. Siktemålet med oppfølginga er jf. kommentarar til forskrifta at det er sentralt av omsyn til å sikre ein ”lærende organisasjon” at resultatane av gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjektar blir følgt opp.

Merknader til forskrifta slår difor fast at kontrollutvalet skal sjå til at forvaltninga «iverksetter tiltak» for å rette opp påviste avvik/svakheiter. Det er kommunen sin administrasjonssjef (rådmann) som har ansvar for oppfølginga av kommunestyret sine merknader, jf. kommuneloven § 23 nr. 2. Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheiter i det konkrete tilfelle, det ansvaret ligg hjå administrasjonssjefen. Kontrollutvalet kan likevel peike på om ein er av den oppfatning at administrasjonssjefen si tilbakemelding ikkje er god nok

### **5.3 Rullering/oppdateringa av planen**

Jf. Forskrift om kontrollutval kan kontrollutvalet ha mynde til å foreta eventuelle endringar i den vedtekne planen ut frå kva rammer kommunestyret har satt. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å foreta nødvendige endringar i planperioden. Dette er først og fremst aktuelt dersom det skulle dukke opp nye aktuelle tema som ikkje er nemnt og vurdert i planen. I tillegg vil kommunen sine mange utfordringar endre seg over tid, slik at risikoområder med behov for forvaltningsrevisjon også blir endra kontinuerlig.

### **5.4 Plan for selskapskontroll**

Det blir lagt fram eige notat om plan for selskapskontroll i Stranda kommune, og det vil bli lagt fram eigen sak til kommunestyret om dette.

## 6. VEDLEGG

### Vedlegg 1 Lovgrunnlag

#### **Kommunelovens § 77.4:**

*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommune-styrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).*

#### **Forskrift om kontrollutvalg §§ 9 – 12:**

Forskrifta inneheld både eit pålegg om å utføre forvaltningsrevisjon, eit krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon, samt krav om rapportering/oppfølging:

##### **§ 9. Forvaltningsrevisjon**

*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel. Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.*

##### **§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon**

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.*

##### **§ 11. Rapporter om forvaltningsrevisjon**

*Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner.*

##### **§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter**

*Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp. Kontrollutvalget skal avgi rapport til kommunestyret om hvordan kommunestyrets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.*

## **Forskrift om revisjon**

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 gir nærare omtale av kva forvaltningsrevisjon inneber. I forskrifta blir forvaltningsrevisjon definert som følgjande:

*Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre **systematiske vurderinger** av **økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger** ut fra kommunestyret og fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om*

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger*
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området*
- c) regelverket etterleves*
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige*
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav*
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd*



## Vedlegg 2 Spørjeundersøking

# KOMREV3 IKS KOMMUNEREVISJONEN

### Stranda kommune - Spørjeundersøking Plan for forvaltningsrevisjon

Denne spørjeundersøkinga er meint å vere ei av fleire datakjelder for overordna analyse som skal vere grunnlag for Plan for forvaltningsrevisjon i Stranda kommune.

Spørjeundersøkinga blir retta til ordførar, medlemar i formannskapet, gruppeleiarar i kommunestyret og medlemar i kontrollutvalet. Den blir vidare retta til rådmann og leiargruppe i kommunen.

I del 1 blir ein utfordra på å rangere kor viktig forvaltningsrevisjon vil vere i ein skilde tenesteområde og stab/leiing m.v. i kommunen generelt.

Del 2 ber om prioritering av forvaltningsrevisjon innan dei spesifikke fagområda i kommunen fordelt på ulike delområde, og spør om kva fokus ein bør leggje vekt på ved forvaltningsrevisjon innan fagområda.

Del 3 er ein åpen rubrikk der ein kan kome med innspel/forslag, eventuelt peike på dersom det er noko ein ser ikkje har kome med i undersøkinga.

Resultatet av undersøkinga vil bli framstilt i anonymisert form.



#### 1) \* Kva rolle har du i Stranda kommune?

- Politiker
- Administrativ leiar



#### 2) Kor viktig meiner du det vil vere at det blir sett i gang forvaltningsrevisjon innan følgjande område?

	Svært lite viktig	Lite viktig	Viktig	Ganske viktig	Svært viktig
Rådmannen (kommuneiing/administrasjon)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Skulane	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Vaksenopplæringa	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barnehagane	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

Pleie- og omsorgstenesta	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Psykisk helsearbeid/utviklingshemma	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Helse- og miljøtenesta (legevakt fastlegeteneste, helsestasjoner, etc.)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Sosialtenesta barnevern	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Sosialtenesta rus	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Flyktningtenesta	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
NAV	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Brann- og beredskapstenesta	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Bygg og eigedom	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kultur (bibliotek, kulturskule idrett mv.)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Selskapskontroll (av kommunalt eigde selskap)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>



## LEIING, INTERNE OG SEKTOROVERGRIPANDE OMRÅDER MV.

3) Kor viktig meiner du det vil vere at det blir sett i verk forvaltningsrevisjon i følgjande områda innan leiing, interne og sektorovergrepande områder med vidare?

	Svært lite viktig	Lite viktig	Viktig	Ganske viktig	Svært viktig
Helse, miljø og sikkerheit (HMS)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Utbetalinger løn og sjukelønsrefusjon	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kvalitet i saksutgreingar/oppfølging politiske vedtak	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Innkjøpsordningar/offentlege innkjøp	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Intern styring og kontroll (leiaravtaler, målstyring mv.)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
IKT-sikkerheit	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Miljø- og klimatilpasningar i kommunen	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Mislegheiter av ulik art	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Oppfølging av kommunale inntekter	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Oppfølging av tenester til sjølvkost (gebyr)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

- |                                |                       |                       |                       |                       |                       |
|--------------------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| Servicefunksjoner i kommunen   | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Økonomistyring/prosjektstyring | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Lånegjeld/økonomisk bereevne   | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Ressurskrevjande tenester      | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |
| Samhandlingsreforma            | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> | <input type="radio"/> |



---

## SKULAR OG BARNEHAGAR

**4) Kva område og tema innan skule- og barnehagesektoren meiner du bør bli prioritert ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon? (Merk av maksimum 2)**

- Kostnadsdekning SFO
- Kvalitet undervisning
- Tilpassa opplæring/Spesialundervisning
- Skulebygg
- Skulemiljø
- Finansiering og oppfølging barnehagar
- Barnehagedekning
- Tildeling av barnehageplassar
- Vaksenopplæringa
- Anna

---

**5) Ved forvaltningsrevisjon innan dei ulike tenestetilboda i skule- og barnehagesektoren, kva meiner du ein bør sjå mest på? (Merk av maksimum 2)**

- Personale
- Kompetanse
- Leiing/administrasjon
- Lover og regelverk
- Organisering
- Økonomi
- Veit ikkje



---

## PLEIE OG OMSORG

**6) Kva område og tema innan Pleie og omsorg meiner du bør bli prioritert ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon? (Merk av maksimum 2)**

- Heimetenester/omsorgsbustadar
- Sjukeheimar
- Handtering vederlag/eigenbetaling
- Mattilbod/kjøkken
- Rehabilitering
- Medisinhandtering
- Utskrivingsklare pasientar
- Samhandlingsreforma
- Anna

---

**7) Ved forvaltningsrevisjon innan dei ulike tenestetilboda i Pleie og omsorg, kva meiner du ein bør sjå mest på? (Merk av maksimum 2)**

- Personale
- Kompetanse
- Leiing/administrasjon
- Lover og regelverk
- Organisering
- Økonomi
- Veit ikkje



---

## **HELSE- OG SOSIALTENESTER**

**8) Kva område og tema innan helse- og sosialtenester meiner du bør bli prioritert ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon? (Merk av maksimum 2)**

- Barneverntenesta
- Helse- og miljøtenester (primærlegetenesta, helsestasjoner, etc.)
- PPT (Pedagogisk psykologisk teneste)
- NAV/Sosialtenesta
- Tilpassa arbeid/sysselsetting
- Psykisk helsearbeid
- Flytningetenesta
- Samhandlingsreforma
- Anna

---

**9) Ved forvaltningsrevisjon innan dei ulike tenestilboda i**

**helse- og sosiale tenester, kva meiner du ein bør sjå mest på?  
(Merk av maksimum 2)**

- Personale
- Kompetanse
- Leiing/administrasjon
- Lover og regelverk
- Organisering
- Økonomi
- Veit ikkje



---

## **KULTUR**

**10) Kva område og innan kultur meiner du bør bli prioritert ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon? (Merk av maksimum 2)**

- Idrett/idrettsanlegg
- Bibliotek
- Kulturminne/kulturvern
- Ungdomssatsing
- Førebyggjande folkehelsearbeid
- Kulturskulen
- Anna

---

**11) Ved forvaltningsrevisjon innan dei ulike tenestetilboda i kultur, kva meiner du ein bør sjå mest på? (Merk av maksimum 2)**

- Personale
- Kompetanse
- Leiing/administrasjon
- Lover og regelverk
- Organisering
- Økonomi
- Veit ikkje



---

## **TEKNISK SEKTOR**

**12) Kva område innan teknisk meiner du bør bli prioritert ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon? (Merk av maksimum 2)**

- Arealplanlegging

- Handsaming byggjesaker
- Kart og oppmåling
- Vedlikehald/opparbeiding veinett
- Handsaming vatn
- Handsaming avløp
- Renovasjon
- Drift av eigedomar
- Reinhald
- Vaktmeistertenesta
- Landbruk
- Utgiftsdekning sjølvkost
- Prosjektstyring byggjeprojekt
- Anna

---

**13) Ved forvaltningsrevisjon innan teknisk sektor, kva meiner du ein bør sjå mest på? (Merk av maksimum 2)**

- Personale
- Kompetanse
- Leiing/administrasjon
- Lover og regelverk
- Organisering
- Økonomi
- Veit ikkje



---

## ANDRE KOMMENTARAR

**14) Har du kommentarer/innspeil/forslag til tema/problemstillinger for forvaltningsrevisjon i Stranda kommune?**



KOMREV3 IKS er eit interkommunalt revisjonsselskap, etablert 01.01.1994. Selskapet har ansvar for revisjon av kommunane Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

Selskapet leverer tenester som finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og rådgiving. Det blir rapportert til den enkelte kommune sitt kontrollutval og kommunestyre/bystyre.

Hovudkontor for selskapet er Lerstadvegen 545 i Ålesund kommune.

KOMREV3 IKS  
Postboks 7734 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND  
Tlf. 70172150 – Fax 70172151 – E-post: [komrev3@komrev3.no](mailto:komrev3@komrev3.no)  
Org.nr. 971562587